

Nr. 860 a.

På lagret hos
SEM & STENERSEN A/S, OSLO
5-48.

Til innhefting i panteboki.

Skyldskifte.

Ons. dag den 23 novbr. 1949 heldt me underskrivne, som lensmannen
hev nemnt opp, skyldskifte på garden Skei
g.nr. 35 b.nr. 12 med skyld mark 0,03 i Bjørnadal
herad. Skyldskifte er kravt av Edvard Wavik
som hev grunnboksheimel til den egedomen skyldskiftet gjeld¹⁾.

Mennsoppnemningsbrevet fylgjer. Alle mennene hev gjeve skjønsmannslovnad, så nær
som²⁾ alle

Ved tenesta møtte³⁾ Kjøper og seljar, og Luene
Wavik som granne.

Mennene valde til formann Hans Lohes.

De n fråskilde lut en av garden hev desse

grensone :⁴⁾

Mot aust til Luene Wavik sin
eigedom til ein nedsett stein,
derifra i rett linje mot vest til
nedsett hjørnestein, fra denne hjør-
nestein mot nord til nedsett
merkestein ved riksvegen, fylgjer
så riksvegen mot aust til ut-
gangspunktet.

1) Skyldskifte kan ikkje godtakast til tinglysing utan den som krev tenesta anten hev grunnboksheimel eller hev dom for at han eig den luten av egedomen som han vil ha fråskilt (§ 1 i skylddelingslovi).
2) Hev nokon av mennene ikkje gjeve slik lovnad som er nemnd i § 20 i lov nr. 1 fra 1/6 1917, skal han skriva under ei utsegn med etternemnde ordlyd før tenesta vert haldi, og utsegna skal sendast til sorenskrivaren saman med skyldskiftet: «Eg lovar at eg i alle saker vil gjera mi teneste som skjønsmann samvitsfullt og etter beste overtyding. den 19 N. N.»
3) Dersom nokon av grannane eller av dei partane skyldskiftet vedkjem, ikkje møter, må ein her opplysa om det er prova at dei hev fenge varsel, eller når det gjeld grannane, om det er rekna for uturvande å varsle dei (§§ 2 og 8 i skylddelingslovi).
4) Sjå §§ 3 og 8 i skylddelingslovi. Grensone mot granneeigedomar skal ein ikkje skriva opp, dersom eigaren ikkje er til stades og samtykkjer i det som vert skriva. Skal mennene etter krav frå partane fastsetja sjølv markeskilet, samstundes med at dei sett i skyld (§ 7 i lovi), må dei her nemna det som trengst om det og. Det må ikkje stiftast bruksrett eller servitutt i skyldskiftet utan at heftet er vedteke skriftleg av den som har grunnboksheimelen til den egedomen heftet skal liggja på (§ 5 i lovi).

Gjerdet heldet Kvile på kjøpene.

Ala Ludrum

vitre:
Ala Ludrum.

vitre
Hans Galen.

- 1. Er det jordbruk og skog i den egedomen som vert bytt? -----
- 2. Fær kvart jordbruk, som kjem fram etter skiftet, så mykje skog som trengst til hus-berging og gards-tarv? -----
- 3. Er det jordbruk med fjellvidd — med det er og meint fjellvatn, elvar og bekkjer — med i den egedomen som vert bytt? -----
- 4. Fær kvart jordbruk, som kjem fram etter skiftet, så mykje fjellvidd som trengst for bruket? -----

Vert det svara ja på spursmål 1 og nei på spursmål 2, eller ja på spursmål 3 og nei på spursmål 4, så lyt ein dessutan svara på dei spursmåli som no kjem:

- 5. Hev heradsstyret samtykt i skyldskiftet? -----
- 6. Eller held skyldskiftemennene det for greidt at den fråskilde luten er etla til å dyrkast eller til byggetuft, veg, industriverk eller til andre dilike føremål? *byggeluff*
- 7. Eller vert egedomen bytt etter § 14 i lov om odels og åsætesretten frå 26. juni 1821? -----

Me vitnar:

a) At det ikkje med skiftet er skapt noko nytt hopehav. Likevel hev me samtykt i at det kan vera hopehav i utmarki på den måten, at -----

me di me hev funne vidare utbyting gagnlaus.¹⁾

b) At kvart bruk hev fenge so laglegt skap for verning og nytting som det er høve til.

Skyldi på de *n* fråskilde lute *n* vart sett til *0.01 mark*

Attverande skyld på hovudbølet er *0.03 ikkje frabukt.*

De *n* fråskilde lute *n* fekk bruksnamnet²⁾ *Skog luten*

Kostnaden med å halda og tinglysa skyldskiftet ber:³⁾

Kjøperen.

1) Det som ikkje høver, stryk ein.
 2) Til bruksnamn må ikkje i noko tilfelle takast namn som alt vert nytta til slektsnamn, utan namnet høyrer til dei som er heller vanlege (sm. lov frå 9/2 1923 nr. 2, § 21).
 3) Dersom det ikkje er opplyst eller nokon part segjer, at det er gjort avtale om kven som skal bera kostnaden med skyldskiftet skal mennene her taka inn avgjerd om korleis partane skal byta kostnaden seg-imellom.

Partane fekk opplysning om at dersom dei er misnøgde med den skyldi som her er sett eller med det markeskil som er fastslege, kan dei anka skyldskiftet til overskjøn, men at ankeutsegn då lyt vera komi til sorenskrivaren innan tri månader etter at dette skyldskiftet er tinglyst.

Me sannar, at me hev gjort tenesta etter beste skjøn og overtyding og etter den skjønsmans-lovnad me hev gjeve.

Me hev fastsett, at Edvard Warvik
skal syta for å få flidd (sendt) skyldskiftet til sorenskrivaren til tinglysing.

Hans Salen, Ola Nordvik, Jon Oansen

Godteke til tinglysing

19

Tinglyst på.....

De fråskilde lut hev fenge g.nr. 35 b.nr. 80

For tinglysingi kr.....